

Endra anlegg for laks og aure utanfor Skorpo truleg akseptert?

30.12.2015



Oppdrettsanlegg ein annan stad i landet

Sjøtroll Havbruk har søkt om løyve til endra plassering av anlegget for laks og aure utanfor Uskedalen. Dei søker om endring til 2 parallelle rekkjer med 6 ringer i kvar mot dagens anlegg som har 2 rekkjer med 9 og 3 ringar. Forflåten skal leggjast på austsida av anlegget. Anlegget ligg i ikkje-planlagt område i kommuneplanen. Tiltaket kan ikkje setjast ut i livet før det føreligg eit endeleg løyve frå fylkeskommunen. Rådmannen går med på endringa. Endra biomasse er ikkje på tale.

Endringa betyr at anlegget vert 300 meter kortare enn no og er ønske utifrå behovet for å sikra fortøyningane betre samt unngå skeiv belastning. Anlegget vil ikkje påverke navigasjonssignalet frå fyrlykta. Samanlikna med vedtaket om å utvida lokaliteten i fjor vil denne endringa få liten innverknad på vanleg eller tilrekneleg sjøtrafikk i området og det vil ikkje få nokon negativ effekt på naturmangfaldet.

Fiskarlaget Vest har tidlegare gått sterkt imot denne lokaliteten, men når det først er gjeve løyve kan dei godta den omsøkte endringa under føresetnad av at fortøyningane ikkje kjem til hinder for fortsatt bruk av låsplassen i Skorpevågen. Dei hadde helst sett at heile anlegget vart flytta meir mot vest og at forflåten vart plassert på vestsida.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen